Søknad/innspel til budsjett 2027 - om utskifting av ytterdører – Fitjar Kulturhus AS

Til: Fitjar kommune **Frå:** Fitjar Kulturhus AS **Dato:** 2. september 2026

Søknad om midlar til utskifting av to ytterdører ved Fitjar Kulturhus

Fitjar Kulturhus AS ønskjer med dette å søkje Fitjar kommune om finansiering til utskifting av to ytterdører som no er i svært dårleg forfatning. Kulturhuset er delvis eigd av Fitjar kommune, og bygget rommar viktige kommunale og frivillige funksjonar, mellom anna handballhall, kultursal, bibliotek, fysioterapi, treningssenter og kontor for Fitjar Idrettslag og Fitjar Frivilligsentral. Huset har i dag to fast tilsette.

Bygget er no over 25 år gammalt, og det er eit aukande behov for vedlikehald av sentrale bygningskomponentar. Dei aktuelle dørene vender mot sør og er dermed utsette for betydeleg verbelastning, noko som har ført til slitasje og svekt funksjonalitet.

1. Dør til biblioteket (tidlegare rømmingsdør)

Denne døra vert i dag brukt både som rømningsveg og som inngang for **meråpent bibliotek**, og er difor ein kritisk del av drifta. Døra er i dårleg stand og må skiftast ut for å sikre tryggleik, funksjonalitet og stabil drift av meråpent-tilbodet.

Kostnadsoverslag:

- Utskifting av dør
- Teknisk installasjon for meråpent bibliotek
- Låssystemer
- Montering **Total kostnad: kr 59 500,-**

2. Rømmingsdør for kultursalen

Kultursalen er kommunens ansvar når det gjeld vedlikehald. Jfr avtale. Rømmingsdøra på sørsida er sterkt verutsett og har betydeleg slitasje. For å oppretthalde tryggleik og forskriftsmessig rømningsveg må døra skiftast ut.

Kostnadsoverslag:

- Utskifting av dør
- Montering **Total kostnad: kr 79 000,-**

Samla kostnadsoverslag

- Bibliotekdør: **kr 59 500,-**
- Kultursal – rømmingsdør: **kr 79 000,- Totalt: kr 138 500,-**

Grunngjeving for søknaden

- Dørene er sterkt verutsette og i dårleg teknisk stand
- Bibliotekdøra er nødvendig for drift av meråpent bibliotek
- Kultursalen si rømmingsdør er kommunalt ansvar og må vere forskriftsmessig
- Kulturhuset er eit sentralt bygg for idrett, kultur, helse og frivillig aktivitet i Fitjar
- Utskifting er nødvendig for tryggleik, drift og universell utforming

Anmodning

Fitjar Kulturhus AS ber om at Fitjar kommune vurderer og innvilgar midlar til utskifting av dei to dørene som skildra ovanfor. Me ber om tilbakemelding og stadfesting på vidare prosess.

Med venleg helsing Fitjar Kulturhus AS